

VEDLEGG 2. Beskriving av planprosessen

Planprosess, utarbeiding av trafikksikringsplan

Dette vedlegget beskriv prosessen rundt utarbeiding av Trafikksikringsplanen.

Trafikksikringsplanen er utforma som ein kommunedelplan etter plan- og bygningslova § 11-1, tredje ledd. Dette betyr at planen skal følgje lovpålagt prosess knytt til medverknad, høyring og vedtak av planprogram i samband med oppstart.

Organisering av arbeidet:

Arbeidet med trafikksikringsplanen er organisert på følgjande måte:

ARBEIDSGRUPPE med hovudansvar for organisering, framdrift og utforming av dokument	PROSJEKTGRUPPE med tverrfagleg kompetanse	STYRINGSGRUPPE
Øystein Havsgård, Bjørnafjorden kommune	Politi	Plan- og bygningsutvalet (PBU), som er trafikksikringsutval i Bjørnafjorden kommune
Agnete Haugland, Bjørnafjorden kommune	Tygg Trafikk	
Representantar hos ABO Plan & Arkitektur	Vestland fylkeskommune	Andre politiske utval vil bli involvert og få moglegheit til å kome med innspel. Ein legg opp til at planen skal bli godt forankra i kommunen, både administrativt og politisk.
	Statens vegvesen	
	Barnas representant Representantar frå kommunen sin administrasjon for skule, barnehage, kultur og plan	
	Andre aktuelle personar frå administrasjonen i kommunen vil bli involvert i arbeidet ved behov.	

Medverknad og innspel:

Krav om medverknad er forankra i plan- og bygningslova, og det vert lagt opp til medverknad tidleg i prosessen.

Det vart ved oppstartsvarsel bede om konkrete innspel til handlingsplanen. Dette vil óg fungere som ei form for kartlegging over korleis innbyggjarane opplever sitt nærområde, samt at desse kan ha mykje lokalkunnskap, informasjon om behov, utfordringar og løysningar, som kan medverke til betre planar og breiare grunnlag for avgjersle og prioriteringar.

VEDLEGG 2. Beskriving av planprosessen

Det er lagt til rette for innspel via nettsida til kommune ved bruk av «prosjektskjema» for innmelding av tiltak. Skular, barnehagar og lag og foreiningar er særskilt invitert til å kome med innspel. Til oppstart av planarbeidet vart det sendt inn 76 merknader.

Politiske vedtak:

Den formelle prosessen knytt til handsaming av planen ser slik ut:

OPPSTART	HØYRING	VEDTAK
15.10.20 ble det gjort vedtak om oppstart og vedtak om høyring av planprogram for arbeidet. Planprogrammet ble sendt ut på høyring og offentlig ettersyn 13.11.20. I samband med vedtaket vart følgjande bestemt: <i>«Trafikksikringsplanen skal inkludere hjertesoner som tema.»</i> <i>«Plan, bygg- og miljøutvalet ber formannskapet om at kommunen signerer intensjonsavtale med Trygg Trafikk om å bli godkjent trafiksikker kommune.»</i>		
Planprogram ble vedtatt i Bjørnafjorden kommunestyre 18.02.21. I samband med vedtaket vart følgjande bestemt: <i>«I forbindelse med utarbeiding av trafikksikringsplan i Bjørnafjorden kommune, skal ein prøve å peika på areal for ein øvingsbane for motorkjøretøy som kan mellom anna nyttast av unge voksne.</i> <i>Ber administrasjonen om å innarbeide i planprogrammet ivaretagelse av sikkerhet på sjø- og kaianlegg. Sette fokus på å unngå drukning ved kai, unngå kollisjon mellom myke trafikanter (kajaker) og hurtiggående båter (høy fart) i trange farvann. Viser til Nasjonal handlingsplan mot fritidsbåtulykker 2019-2023 hvor kommunenes ansvar og medvirkning til sjøsikkerhet i egen kommune er spesielt nevnt.»</i>		